



## Notat

Dato: 25.01.2019  
Arkivsak: 2016/4166-4  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet  
Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Utvida takstsamarbeid mellom Jernbanedirektoratet og fylkeskommunen

#### 1. Bakgrunn

Jernbanedirektoratet legg gjennom Trafikkkpakke 3 persontrafikken med tog i Hordaland ut i konkurranse, og nye samarbeidsrelasjonar som følge av konkurranseutsettinga må etablerast.

Gjennom jernbanereforma og konkurranseutsetting av toget ønsker Jernbanedirektoratet å styrke samarbeidet mellom staten og fylkeskommunane/kollektivselskapa slik at dei reisande vil oppleve eit mest mogleg samanhengande transporttilbod i form av heilskapleg reiseinformasjon og gjennomgåande billetter der dette er mogleg og ønskeleg.

Den 15. mai vart det arrangert eit dialogmøte mellom Jernbanedirektoratet og samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Her vart det mellom anna informert om plan for vidare konkurranseutsetting i høve jernbanereforma, med vekt på trafikkkpakke 3 - Bergensbanen og Vossebanen. Dialogmøtet er seinare følgt opp med møte og dialog mellom Jernbanedirektoratet og representantar frå samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og Skyss.

Konkurransegrunnlaget for trafikkkpakke 3 vart sendt ut i desember 2018, og i høve Jernbanedirektoratet sin framdriftsplan skal kontrakt signerast i desember 2019. Trafikkkpakke 3 består av:

- Bergensbanen: fjerntog Oslo S – Bergen
- Vossebanen: regiontog Bergen - Voss - Myrdal
- Vossebanen: lokaltog Bergen - Arna

Ein ny samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Jernbanedirektoratet vil starte samtidig med trafikkkpakke 2, i juni 2020. Gjennom ein slik avtale ønsker ein å sikre at dei reisande får minimum same tilbod med ny operatør som dei får som følge av avtalar mellom Fylkeskommunen og NSB i dag. Samstundes er det rom for å utvide og forbetre samarbeidet i ny avtale. I tillegg til eigen samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune, vil Jernbanedirektoratet i sin avtale med komande togoperatør stille som krav at det vert inngått ein eigen samarbeidsavtale mellom operatørselskapet og Hordaland fylkeskommune v/Skyss.

## 2. Samarbeidsområde

Målet med samarbeidet er å sikre eit heilskapleg rutetilbod som gir eit godt og mest mogleg samanhengande transporttilbod for dei kollektivreisande i Hordaland. Dei viktigaste samarbeidsområda er:

### Tilbod og informasjon

Ein ønsker å sikre eit heilskapleg tilbod gjennom å utnytte dei ulike transportmidla sine sterke sider i samspel med kvarandre. I Hordaland er toget i mindre del enn i enkelte andre fylke integrert i kollektivtrafikken elles. Det er likevel viktig at Hordaland fylkeskommune v/Skyss har ein avtale med Jernbanedirektoratet som sikrar best mogleg rutetilbod til reisande og at informasjon og løysingar for kjøp av billetter er i tråd med kollektivstrategien sine mål om at kollektivtilbodet skal vere enkelt å forstå og bruke.

Den største endringa framover vil skje når dobbeltsporet gjennom Ulriken vert opna. Hordaland fylkeskommune v/Skyss vil verte involvert i framtidig utgreiing om rutetilbodet etter at kapasitetsforbetringane på Vossebanen har skjedd.

Småendringar og tilpassingar for å sikre korrespondanse mellom tog og buss vert gjort direkte mellom Skyss og togoperatør. Eventuelle ønske om større endringar vil ein framover måtte spele inn til Jernbanedirektoratet i årlege dialogmøte.

Skyss samarbeider i dag med NSB om å formidle reiseinformasjon også for tog i sine kanalar, og dette samarbeidet er det ønskeleg å vidareføre.

### Billetter, priser og transportvilkår

For å auke kollektivtrafikken sin attraktivitet i konkurranse med bilen er eit samarbeid om prisar og billetter viktig.

Skyss har i dag ein samarbeidsavtale med NSB som omfattar:

- 30-dagars periodebilletter i sone A. 30-dagars periodebilletter kjøpt i Skyss og/eller NSB billettapp er gyldig på buss/bybane/Askøybåt i sone A, samt tog mellom Bergen og Arna/Trengereid.
- Kombinasjonsbilletter tog/buss på strekningar aust for Trengereid. Kombinasjonsbilletter får ein kjøpt med Skysskort eller NSB app.
- Ungdomsbilletter på heile Vossebanen

Innanfor sone A er det i dag berre periodebilletter kjøpt i app som er gyldige på både tog og buss. Når nye løysingar for billettering er klare vil ein utvide samarbeidet til også å gjelde billetter kjøpt i andre kanalar.

Samarbeid også om enkeltbilletter mellom Bergen og Arna/Trengereid er politisk vedteke, og Skyss jobbar saman med NSB for å finne ei praktisk løysing på dette snarast råd.

## 3. Kostnader og finansieringsbehov

Samarbeidsavtalen kunne vore utvida til å omfatte fleire billettypar og fleire reisestrekningar. Når fylkesrådmannen ikkje legg opp til ein meir omfattande samarbeidsavtale, er dette med bakgrunn i økonomiske og marknadsmessige tilhøve.

Differansen i pris mellom togbilletter og bussbilletter i Hordaland aukar med auka reiselengde. Etter omlegginga til sju takstsoner for buss i Hordaland er differansen blitt endå større enn før.

Svært mange passasjerar på Vossebanen mellom Arna og Voss reiser på enkeltbilletter, og turistmarknaden utgjør ein vesentleg del av dette volumet. Potensialet for nye faste reisande vert vurdert som relativt lite. Pendlarane mellom Voss og Bergen nyttar i stor grad periodebilletter, og dei som nyttar både tog og buss på sine daglege reiser kjøper i dag kombinasjonsbilletter.

Kostnad ved vidareføring av avtalen ein har i dag

Skyss kompenserte i 2017 NSB med 15,3 millionar eks. mva.

Finansiering av takstkompensasjon for enkeltbilletter mellom Bergen og Arna/Trengereid er politisk vedteke og kostnaden er allereie sett av i budsjettet til fylkeskommunen. Kompensasjonen vil utgjere om lag 10 millionar i året.

Endeleg kostnad vil avhenge av tal reisande, men basert på dagens reisemønster vert estimert totalkostnad for vidareføring av avtalen ein har i dag:

	Kombinasjonsbilletter på hele strekningen + ungdomsbillett:	15,5 mill kr
+	Enkeltilletter til Arna/Trengereid:	10,0 mill kr
=		25,5 mill kr

Kostnad ved å inkludere faste reisande mellom Voss og Bergen

I dag kan faste reisande som nyttar både buss og tog kjøpe egne kombinasjonsbilletter. Ved å inkludere periodebilletter på heile Vossebanen i ny avtale med Jernbanedirektoratet vil ein gi dei faste reisande ein monaleg rabatt, utan at meirkostnaden for fylkeskommunen vert på meir enn omlag 2 millionar kroner. Dette skuldast at prisforskjellen mellom NSB sine periodebilletter og Skyss sine ikkje er stor, og at det i tillegg vert seld relativt få kombinasjonsbilletter.

Endeleg kostnad vil avhenge av tal reisande, men basert på dagens reisemønster vert estimert totalkostnad for å inkludere periodebilletter i ny avtale med Jernbaneverket:

	Kompensasjon til Jernbanedirektoratet:	1 mill kr
+	Inntektsbortfall ved å fjerne kombinasjonsbilletter:	1 mill kr
=		2 mill kr

Kostnad ved å inkludere alle reisande på tog mellom Voss og Bergen

Ein avtale om at alle reisande med tog mellom Voss og Bergen skal reise til «bussprisar» vil medføre ein høg årleg kostnad i form av kompensasjon frå Hordaland fylkeskommune til Jernbanedirektoratet.

Dette skuldast at Skyss sine enkeltbilletter er prisa vesentlig lågare enn NSB sine, samstundes som det vert seld svært mange enkeltbilletter på Vossebanen.

Utrekningar syner at å innføre Skyss-priser på enkeltbilletter for heile Vossebanen vil koste om lag 30 millionar kroner årleg, fordelt på:

- Vaksen ca. 23 mill kr
- Honnør og barn under 16 år ca. 3 mill kr
- Student ca. 4 mill kr

Årleg kostnad ved å utvide takstsamarbeidet til å omfatte alle billetter på heile strekninga Bergen/Voss:

	Innføring av Skyss-priser på enkeltbilletter for heile Vossebanen:	30 mill kr
+	Innføring av Skyss-priser på periodebilletter for heile Vossebanen:	2 mill kr
+	Vidareføring av dagens avtale om takstsamarbeid:	25,5 mill kr
=		57,5 mill kr

**4. Oppsummering**

Fylkesrådmannen legg opp til at samarbeidsavtalane ein i dag har med NSB vert vidareført for:

- Ungdomsbilletter på heile Vossebanen
- 30-dagars periodebilletter kjøpt i app mellom Bergen og Arna/Trengereid
- Enkeltilletter mellom Bergen og Arna/Trengereid (som er politisk vedtatt, men ennå ikkje implementert)

I tillegg legg fylkesrådmannen opp til å utvide samarbeidsavtalen til å omfatte:

- 7-, 30- og 180-dagars periodebilletter på heile Vossebanen
- Dette medfører avvikling av dagens kombinasjonsbilletter